Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 52/14

Sak nr.: 2014/5700

Møte: 17.06.2014

Utlysing - Professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi) ved Klinisk institutt 2

Klinisk institutt 2 ber i brev av 3.6.2014 om at stilling som professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi) vert lyst ut. Utlysinga er som følgje av at professor Bo Staffan Uhlen har sagt opp stillinga si med verknad frå 30.11.2014. Stillinga vil bli knytt opp mot Senter for farmasi, og det vil bli gitt høve for å kombinere stillinga med leiarfunksjon av senteret dersom det melder seg kompetente søkjarar.

I utlysinga viser ein til samarbeid med Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, og utlysinga vart difor førelagt fakultetet til orientering og for eventuelle merknadar.

Forslag til vedtak

1. Fakultetsstyret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet vedtar å lyse ut ei fast 100 % stilling som professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi) ved Klinisk institutt 2. Stillinga er knytt til Senter for farmasi.
2. Det er ein føresetnad for utlysing at instituttet har budsjettmessig dekning for stillinga.
3. Dekan får fullmakt til å gjere endringar i utlysingsteksten og stillingsomtalen i samsvar med gjeldande standard for utlysing.

Astrid Bårdgard
Fakultetsdirektør

Marianne Bø Larsen
Seksjonsleiar rekruttering

03.06.2014 /ELSØ

Vedlegg:

Brev frå K2 datert 3.6.2014
Utlysingstekst norsk og engelsk

UNIVERSITETET I BERGEN
Klinisk institutt 2

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse	Dato
2014/5700-ELSØ	03.06.2014

Utlysing av stilling som professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi)

Professor Bo Staffan Uhlen har sagt opp stillinga si som professor i farmakologi med verknad frå 30.11.2014, ref. 13/13447. I samband med dette ber Klinisk institutt 2 om at stillinga vert lyst ut så snart som mogleg.

Vedlagt er utlysingstekst på norsk og engelsk. I tillegg til utlysing i Jobbnorge og i Euraxess, ber me om at stillinga vert lyst ut i Norsk Farmasøytisk Tidsskrift.
Då stillinga inngår i eit samarbeid med Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, er utlysingsteksten sendt dei til orientering.

Venleg helsing

Per Bakke
Instituttleiar

Eldbjørg Sanden Søvik
rekrutteringskonsulent

vedl.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Klinisk institutt 2	Postadresse	Besøksadresse	Sakshandsamar
Telefon	Postboks 7804	Armauer Hansens Hus	Eldbjørg Sanden Søvik
Telefaks	5020 BERGEN	Bergen	+47 55 58 61 42

Professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi)

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Klinisk institutt 2, er det ledig ei 100 % stilling som professor/førsteamanuensis i farmakologi. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte aktuelt å tilsetje førsteamanuensis. Tenestestad er Bergen.

Klinisk institutt 2 er eitt av to medisinske kliniske institutt ved fakultetet. Instituttet driv medisinsk forsking, rettleiing og undervisning på høgt internasjonalt nivå. Instituttet har viktige oppgåver både i legeutdanninga, mastergrads- og ph.d.-utdanning innan medisin og farmasi.

Stillinga vil bli knytt opp mot Senter for farmasi. Senter for farmasi er organisatorisk knytt til Klinisk institutt 2. Senteret er eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt med Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, med eige budsjett. Tilbod om åremålsperiode som leiar for Senter for farmasi kan bli aktuelt dersom den som vert tilsett har naudsynt kompetanse.

Stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som det vert lagt vekt på ved tilsetjinga, finn du lenger ned på sida.

Utfyllande opplysingar om stillinga kan ein få ved å venda seg kst. instituttleiar Eystein Husebye tlf. +47 55 97 30 77, e-post: eystein.husebye@k2.uib.no.

Løn
Professor vert løna etter lønssteg 72-75 (kode 1013). Førsteamanuensis vert lønt etter lønssteg 59 (kode 1011/lønsramme 24.3) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.

Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse.

For informasjon om ein karriere ved Universitetet i Bergen sjå:
http://www.uib.no/poa/karriere-ved-uib

Kvalifikasjonar

- Den som vert tilsett må ha relevant norsk doktorgrad eller tilsvarande kvalifikasjonar
- Dokumentert forskings- og undervisningserfaring i farmakologi
- Evne til etablere forskingsmiljø ved hjelp av eigne nasjonale og internasjonale nettverk vil bli vektlagt
- Erfaring med prosjektleiing, koordinering av forskingsarbeid og forskingsstrategi vil bli lagt vekt på
- Det vert lagt vekt på evne til å hente inn eksterne forskingsmidlar

- Det vil verte lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.
- Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.
- Undervisningsspråket er til vanleg norsk. Den som vert tilsett må kunne undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk. Fristen er to år for den som vert tilsett som ikkje meistrar språket. Kurs vert tilbode.

Retningsliner
Den som vert tilsett pliktar å ta del i undervising og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Søknad
Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og vedlegg elektronisk via lenkja «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved:
- CV, med fullstendig oversyn over utdanning og erfaring
- Kopi av vitnemål
- Dokumentasjon av eigen pågåande forsking
- Fullstendig publikasjonsliste
- Liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- Ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- **Vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis)**

Det er viktig at dei vitskaplege arbeid som skal takast omsyn til er lagt ved i sin heilskap.

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen som ligg føre i Jobbnorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at all informasjon er lagt inn innan fristen.

Ein viser til "Midlertidige regler om fremgangsmåten ved tilsetting i professorater".

Søknadsfrist:

Stillingsomtale

Professor/førsteamanuensis i farmakologi (farmasi)

Ved Det medisinsk-odontologiske fakultet, Klinisk institutt 2, er det ledig ei 100 % stilling som professor i farmakologi. Dersom det ikkje melder seg søkjarar med professorkompetanse, kan det verte aktuelt å tilsetje førsteamanuensis.

Klinisk institutt 2 er eitt av to medisinske kliniske institutt ved fakultetet. Den faglege porteføljen er brei, og spenner over mange av dei medisinske spesialitetane. Instituttet har om lag 320 tilsette, og eit budsjett på om lag 155 mill. Instituttet held til på universitetscampus ved Haukeland universitetssjukehus og har eit nært samarbeid med sjukehuset.

Instituttet driv medisinsk forsking, rettleiing og undervisning på høgt internasjonalt nivå. Instituttet har viktige oppgåver både i legeutdanninga, mastergrads- og ph.d.-utdanning innan medisin og farmasi.

Stillinga vil bli knytt opp mot Senter for farmasi, som organisatorisk er knytt til Klinisk institutt 2. Tilbod om åremålsperiode som leiar for Senter for farmasi kan bli aktuelt dersom den som vert tilsett har naudsynt kompetanse.

Den som vert tilsett må ha relevant norsk doktorgrad eller tilsvarande kvalifikasjonar, og ha dokumentert forskings- og undervisningserfaring innan farmakologi. Aktuell vitskapleg erfaring vil vere basal eller anvendt farmakologisk forsking som til dømes studiar av legemiddel-reseptor interaksjonar eller farmakokinetikk. Erfaring frå farmasøytisk lærestad med oppbygging av undervisning og undervisning i farmasistudiet vil bli vektlagt. Annan relevant farmasøytisk praksis vil også kunne tilleggjast vekt. Øvre kvalifikasjonskrav er nemnt i stillingsutlysinga.

Om Senter for farmasi
Farmasi ved Universitetet i Bergen er eit samarbeid mellom Det medisinsk-odontologiske fakultet og Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Kjemisk institutt gjev undervisning i grunnleggjande kjemiske fag, analytisk kjemi, farmasøytisk fysikalsk kjemi, farmakognosi og legemiddelkjemi. Senter for farmasi koordinerer universitetets masterprogram i farmasi, og har hovudansvar for undervisning og forsking i farmakologi, i samarbeid med institutt som driv forsking innan farmasi. Klinisk institutt 2 gjev også undervisning i farmasøytisk mikrobiologi. Institutt for global helse og samfunnsmedisin gjev undervisning i samfunnsfarmasi og praksis, Institutt for biomedisin gjev undervisning i biokjemi og cellebiologi. Dei som underviser i dei ulike fagområda i farmasistudiet har arbeidsplassar ved desse institutta. Institutta har ei rekkje forskingsgrupper som er engasjert i legemiddelrelatert forsking. Universitetet i Bergen samarbeider med School of Pharmacy ved University of East Anglia om galenisk farmasi og klinisk farmasi.

Undervising
Den som vert tilsett skal undervise masterstudentar og ph.d.-kandidatar ved instituttet og delta i undervisning på bachelornivå for medisin-, odontologi-, ernærings- og farmasistudentar, samt ta del i andre oppgåver ved instituttet.

Forsking
Forutan å vere knytt til det tverrfaglege senteret i farmasi, vil den som vert tilsett også arbeide med farmakologi i ei av forskingsgruppene ved instituttet. Vedkomande må dokumentere eigen uavhengig og pågåande forsking i farmakologi.

Den tilsette pliktar å medverka til aktiv rekruttering og forskingsrettleiing av studentar og stipendiatar.

Retningsliner
Den tilsette må retta seg etter gjeldane strategiske planar for farmasi og aktivt medverke til å skaffe ekstern forskingsfinansiering.

Søkjarar må dokumentera undervisnings- og administrativ erfaring, samt erfaring med populærvitskapleg formidling.

Det er naudsynt med pedagogisk grunnutdanning. Søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing.

Det vert lagt vekt på erfaring med leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, samt frå forskingsstrategisk arbeid. Vidare blir det lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innanfor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett også bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til. Den tilsette kan bli pålagt å delta i universitetets styringsorgan, komitear og anna arbeid.

Universitetet i Bergen understrekar at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggjast reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av prov for gjennomført pedagogisk utdanning slik som;

- evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- oversyn over hovudfags- og doktorgradsrettleiing og resultat
- mottekne studentprisar
- eigne pedagogiske publikasjonar
- eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
  rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, slik som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø

Tilsetjinga går føre seg på grunnlag av innstilling av ei vitskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande organ inkludert intervju og eventuell prøving av undervisningskompetanse.

Professor/Associate Professor in Pharmacology (Pharmacy)

A position as Professor/Associate Professor is vacant at the Faculty of Medicine and Dentistry, Centre for Pharmacy. If no qualified applicant applies for the Professor position, it will be open for an appointment to the position of Associate Professor.

Department of Clinical Science
Department of Clinical Science is one of two clinical departments at the faculty. The department performs medical research, supervision and teaching on a high international level. The department has important roles in education of medical doctors, master- and PhD-candidates in medicine and pharmacy.

The position will be associated with Centre of pharmacy. Centre of Pharmacy is organizationally linked to Department of Clinical Science. The Centre is a joint project with Faculty of Mathematics and Natural sciences with its own budget. A temporary position as Head of Centre for Pharmacy may be included if the candidate has the necessary qualifications.

See end of page for job description including details on curriculum and area of responsibility, particular duties and other circumstances which will be stressed at the time of appointment.

Additional information on the position is obtainable from acting Head of Department Eystein Husebye, phone +47 55 97 30 77, e-mail: eystein.husebye@k2.uib.no.

Salary
Professor salary will be in accordance with level 72-75 (code 1013) at present NOK 627 100 – 662 400 gross p.a. for a full time position. Associate professor will be paid in accordance with level 59 on the government salary scale (code 1011/pay framework 24.3); at present NOK 490 600 gross p.a. for a full time position; following ordinary meriting regulations.

A pension contribution of 2 % will be deducted and deposited to the state pension scheme. In the case of particularly highly qualified applicants a higher salary may be considered.

For more information regarding a career at the University of Bergen please visit; http://www.uib.no/poa/en/organisation/career-at-uib

Qualifications
- The applicant must have a relevant Norwegian doctorate or corresponding qualifications
- Experience in research and teaching pharmacology
- Emphasis will be put on the applicant's ability to create a research environment through own national and international network building
- Experience with the management of research projects, coordination of research activities, as well as strategic research work will be emphasized
- Emphasis will be put on the ability of the applicant to successfully and independently generate funding for research

- Proven willingness and ability to cooperate will be of great importance in the evaluation process
- Basic teaching experience is required for the position. The successful candidate will be offered appropriate training if this requirement has not been met before the appointment
- The teaching language will normally be Norwegian. The successful applicant must be able to teach in Norwegian or one of the other Scandinavian languages within two years of his/her appointment. Norwegian courses will be offered.

Guidelines

The successful applicant will be required to take part in teaching and examination programmes in force at any time and to comply without additional remuneration with any amendments that may be introduced by legislation with regard to curriculum, pension schemes and retirement age.

Women in particular are invited to apply. If, in the opinion of the evaluation committee, several applicants have approximately equivalent qualifications, the rules on equal opportunities laid down in the Personnel Regulations for Academic Positions will be applied.

State employment shall reflect the multiplicity of the population at large to the highest possible degree. The University of Bergen has therefore adopted a personnel policy objective to ensure that we achieve a balanced age and sex composition and the recruitment of persons of various ethnic backgrounds. Persons of different ethnic backgrounds are therefore encouraged to apply for the position.

The University of Bergen applies the principles of public openness when recruiting staff to scientific positions.

Information about the applicant may be made public even though the applicant has requested not to be named in the list of applicants. The applicant will be notified if his/her request is not respected.

The successful applicant must comply with the guidelines that apply to the position at any time.

Application

How to apply for the position:

Upload the following and send the application and CV via the link “Apply for this job” on this website.

Please enclose:

- CV with a complete overview of the applicant’s education, earlier positions and other activities
- Scanned copies of your certificates
- Documentation of own ongoing research

- A list of attachments providing evidence of the applicant's teaching qualifications
- A complete list of scholarly works, with information about where these have been published
- A list of works on which the committee should place special emphasis in its evaluation with information on where they have been published
- **The scholarly works on which the committee should place special emphasis in its evaluation (max 15 for professor and max 10 for associate professor)**

It is very important that each of the scholarly works on which the committee should place special emphasis, is attached in its entirety.

Appointment will be based on the assessment of an expert committee and an independent assessment by the department including interview and possible testing of skills in teaching. The applications with attachments are sent electronically to the expert committee.

Applications are evaluated on the basis of the information that has been uploaded with the application when the deadline expires. It is the applicant's responsibility to ensure that all relevant attachments are submitted by the deadline.

One refers to the procedure for appointments “Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i professorater".

Closing date for applications:

DESCRIPTION OF POSITION

Professor/Associate Professor in Pharmacology (Pharmacy) at the Centre for Pharmacy, Department of Clinical Science

A position as Professor/Associate Professor is vacant at the Faculty of Medicine and Dentistry, Centre for Pharmacy. If no qualified applicant applies for the Professor position, it will be open for an appointment to the position of Associate Professor.

Department of Clinical Science

Department of Clinical Science is one of two clinical departments at the faculty. The department covers many of the medical specialities, has about 320 employees and a budget of about 155 mill NOK. The department is localized on university campus by Haukeland University Hospital and has a close collaboration with the hospital. The department has important roles in education of medical doctors, master- and PhD-candidates in medicine and pharmacy.

The position will be associated with Centre of Pharmacy which is organizationally linked to Department of clinical science. A temporary position as Head of Centre for Pharmacy may be included if the candidate has the necessary qualifications.

The successful candidate must have a relevant Norwegian doctorate or corresponding education and document research- and teaching experience in pharmacology. Relevant scientific experience includes work general or applied pharmacological research such drug receptor-interactions or pharmacokinetics. Experience from pharmaceutical industry, hospital pharmacy or other relevant pharmaceutical practice might be emphasized.

Centre for Pharmacy

The field of Pharmacy at the University of Bergen is maintained by means of a collaboration between the Faculty of Medicine and Dentistry and the Faculty of Mathematics and Natural Sciences. The Department of Chemistry provides basic teaching in chemical subjects, analytical chemistry, pharmaceutical physical chemistry, pharmacognosy and medicinal chemistry, whereas the Department of Public Global Health and Primary Care is responsible for the teaching of social pharmacy and practical training. The Department of Clinical Science teaches pharmacology, pharmaceutical technology and pharmaceutical microbiology. Department of Biomedicine gives biochemistry, cell biology and physiology. Those teaching the different subjects within the pharmacy study program work at these departments/institutes. The departments/institutes have several research groups that are engaged in research related to pharmacy. The University of Bergen co-operates with the School of Pharmacy at the University of East Anglia regarding pharmaceutical technology and clinical pharmacy. Centre for Pharmacy is administratively connected to the Department of Clinical Science and co-ordinates the master’s program in Pharmacy.The research and education at the centre cover a broad spectrum of disciplines in pharmacy.

Teaching
The person to be hired shall teach pharmacology and supervise Master- and PhD-students at the department and participate in the general teaching at the bachelor-level for the medical, dental, nutrition and pharmacy students as well as participate in other tasks at the department. The successful candidate shall work with pharmacology in one of the established research groups at the department and must document independent research in pharmacology.

Research

In addition to association with the Centre of pharmacy the successful applicant will perform pharmacological research in one of the research groups at the department. The successful applicant must document own independent and ongoing research in pharmacology.

The successful candidate is obligated to participate in the active recruitment and research-related supervision of students and research fellows.

Guidelines
The successful candidate must comply with the current strategic plans for Pharmacy, and actively participate in the process of acquiring external funding for research.

Applicants must document teaching- and administrative experience, in addition to experience with the dissemination of popular science.

Another requirement is basic education within pedagogy. Applicants who do not fulfill this requirement will be offered training and must document the completion of this education within one year after the appointment date.

Applicants should have substantial leadership experience as well as experience in coordinating research activities, grant applications and in strategic research planning. Documented abilities and willingness to participate in collaborative work will be emphasised.

Basic teaching competence is also a requirement, but the successful applicant who does not have such competence at the time of his/her appointment will be offered training and will be required to produce evidence of such competence within one year of the date of appointment. This deadline is extended to two years for the successful applicant who does not master a Scandinavian language at the time of appointment.

Reference is made to the University's General Regulations which state that as part of the normal duties of the position, the successful applicant may also be required to undertake teaching, supervision and work in connection with examinations in his or her particular field outside the organisational unit to which the appointment belongs.

The University of Bergen underscore that teaching qualifications are to be given real weight in appointments to middle and senior positions. Applicants must document their own teaching qualifications by submitting:

- evidence of completed teaching training
- evaluation reports of the applicant's teaching
- overview of scope and level of teaching
- overview of supervision of post-graduate and doctoral candidates, and results obtained
- student awards received
- own teaching publications
- own teaching compendia and material reports showing participation in projects related to the development of teaching, such as alternative forms of teaching, supervision or teaching environments.

Appointment takes place based on the recommendation of an expert committee and a self-appointed independent assessment of the body including the interview and any testing of teaching competence.